

LIKNINGA OM DEN VERDIFULLE PERLA

TIL LEKSJONEN

Fokus: Kjøpmannen og den verdifulle perla.

Tekst: Matt 13.45

- Likning
- Kjernepresentasjon

MATERIELL:

- Plassering: Hylle for likningar
- Deler: Gulleske med kvitt merke, 5 brune, rektangulære stader/hus, 2 figurar av personar (kjøpmann og seljar), kjøpmannen sine ting (pengar, bord, seng, lysestake, vase, stol, krakk). Ei lita gulleske med tre perler av ulik storleik
- Underlag; Kvitt

BAKGRUNN

I evangelia i Bibelen finn vi denne likninga berre hjå Matteus (Matt 13:45-46) Men vi kan og lese henne i Thomasevangeliet, kap 76.

MERKNADAR TIL MAERIELLET

Finn materiellet i gulleska med kvitt merke på. Plassert på øvste hylla for likningar.

Underlaget er kvitt og sirkelforma. 2 figurar (kjøpmann og seljar)

Fem brune filtrektangel føresteller hus av ulik storleik, (eller byar, land, verdengar – verkelege eller imaginære stader). Stadene er tome, med opning på eine sida.

I det eine huset plasserer du seljaren ved bordet sitt.

Inni eit anna hus set du alle eigendelane; seng, kommode, gullposar, stol, krakk, lys, vase og andre ting. Dette er det kjøpmannen eig og som han vil bytte mot perla.

Ei lita gulleske med 3 perler i ulike storleikar. Har du litt bomull i eska, ser perlene endå meir verdifulle ut! Medan du legg ut figurane til likninga, plasserer du ei av perlene på seljaren sitt bord, og dei andre i to av dei opne "husa". Eit av "husa" skal vere heilt tomt.

MERK SPESIELT

Når du fortel likninga er det freistande å gi den største perla mest verdi. Vel heller ei av dei andre perlene. For verdi handlar ikkje om storleik. Vær førebudd på at barna kan komme til å bemerke nettopp dette. Barn ser ofte på det store som mest verdifullt. Til dømes kan dei tenkje at vaksne er viktigare enn barn.. På same vis oppmuntrar samfunnet vårt ofte til å trakte etter det store; td hus, bilar, bankkonti etc.....

	DETTE GJER DU	DETTE SEIER DU
--	----------------------	-----------------------

1	<i>Gå til hylla for likningar, og ta med deg gull-eska med kvitt merke på. Peik på merket utan å kommentere det</i>	Sjå nøye kor eg går nå, slik at du alltid veit kor du skal finne denne forteljinga.
2	<i>Ber gull-eska til ringen av barn. Sett han i midten. Ta på eska med forventning og glede idet du introduserer materiellet til barna</i>	Eg lurar på om det er ei likning i denne eska? Gullfarga.. Det må vere noko viktig oppi her. Likningar er svært viktige, så kanskje det er ei likning inni her. Likningar er svært gamle, og denne gull-eska ser litt gamal ut den og. Kan hende det er ei gamal likning oppi her. Visste du at likningane vart gitt til deg før du blei fødd. Denne gull-eska er som ein presang. Likningar er presangar, så kanskje det er ei likning oppi her.
3	<i>Flytt eska frå midten av sirkelen, og til side for deg. Lett på loket, og plasser det slik at barna ennå ikkje kan sjå oppi. Dette hjelper barna til å konsentrere seg om det du tek ut, utan å tenke på det neste heile tida. Det hjelper og til å ta vare på mysteriet ved likninga i eska.</i>	Sjå; eit lokk. Nokre gonger har likningar eit lokk på, lik som ei dør som er lukka. Loket gjer at du ikkje kjem inn i likninga. Eg veit ikkje kvifor. Dette kan hende, sjølv om du er klar, så miss ikkje motet. Kom attende til likninga, og ein dag vil ho opna seg for deg. Eg har ein ide; Lat oss sjå oppi eska, og sjå om det er ei likning der...
4	<i>Ta ut filtunderlaget og legg det litt tilfeldig i midten av sirkelen mens du starter å undre deg på kva dette er. Glatt det ut medan undringa går føre seg.</i>	Sjå her. Her er noko. Er dette ei likning? Det er veldig kvitt. Heilt kvitt overalt. Lurar på kva dette er? Kva liknar det på? (snøball, måne?) Eg lurar på kva det eigentleg er for noko.
5	<i>Når undringa over filt-underlaget er nesten over kan du ta ut dei rektangulære filtstrimlene, ein for ein. Ver nysgjerrig og overraska etter kvart som du tek dei ut i tilfeldig rekkjefølgje.</i>	Eg lurar på kva dette kan vere. Det er brunt. Kan desse ha noko med likninga å gjere?
6	<i>Rull ut filtstrimlane sakte, og plasser dei på ulike stader av filtunderlaget. Dette er med på å organisere forteljinga vidare.</i>	Hmm dette var underlege greier. Lurar på om dei passar saman?

7	<p><i>Plasser kjøpmannen og alle tinga hans i eit av filt-rektangla lengst ifrå deg (pengesekkane, stol, bord, lys, seng, etc.).. Plasser seljaren og bordet hans i det største filt- rektanglet som er nærast deg. Det er nå tre tomme filt- rektangel. Ta ut den vesle eska med perler oppi. Hold denne ein augneblink, og opna så med spenning. Stille plasserer du nå ei perle på bordet framfor seljaren. Legg og ei perle i to av dei tre tomme filt -rektangla..</i></p>	<p>Å , nå skjønar vi kanskje noko meir!</p> <p>La oss så om det er fleire ting i eska til å hjelpe oss nå. Nei her var det ikkje meir. Nå kan vi begynne.</p>
---	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

8	<p><i>Set deg attende ein augneblink, og sjå i stillheit på det som ligg framføre deg på golvet. Vent til du sjølv er klar. Dersom barna treng det, så hjelp dei og til å bli klare att.</i></p> <p><i>Flytt kjøpmannen ut av huset hans og lat han stogge litt ved kvart av dei andre husa (filt-rektangla). Plukk opp perla der det er ei, hald henne opp og sjå nøye på henne. Legg henne ned att og rist på hovudet. Det var ikkje den verdifulle perla, dette. Til slutt kjem kjøpmannen til seljaren sitt hus. Han sit bak bordet. På bordet ligg den verdifulle perla. Ta henne opp, og nikk med hovudet. Ja, dette er den rette perla.</i></p>	<p>Det var ein gong ein som sa så mange underlege ting, og gjorde så mange vedunderlege ting at folk følgde etter han. Og då dei følgde han, hørde dei han tala om eit rike Men det var ikkje det riket dei budde i. Det var ikkje slik som noko rike dei hadde sett og besøkt. Det var ikkje som noko rike dei hadde høyrte om før. Og dei kunne ikkje for det, men dei måtte berre spørje han korleis Himmelriket var. Ein gong då dei spurde han sa han: ”Himmelriket er likt ein mann som kjøper og sel perler, ein kjøpmann, som dro ut for å leite etter fine perler.”</p>
9	<p><i>Kjøpmannen let perla liggje på seljaren sitt bord. Han går heim og hentar pengesekkane</i></p>	<p>”Då han fann den mest verdefulle perla, gjekk han.....</p>
10	<p><i>Kjøpmannen går tilbake til huset sitt og hentar bordet og tek det med til seljaren sitt hus. Så, hentar han stolen, vasen, lyset og alle dei tinga han eig i tur og orden. Til slutt senga. Så går han tilbake til huset sitt, rullar det saman, og ber det til seljaren.</i></p>	<p>..... og selde”</p>

11	<p><i>Kjøpmannen går så tilbake til der huset hans eingong låg. La han stå der med perla si.</i></p> <p><i>Det er sjølvstilt stille mens du flytter på figurane. Gjer det roleg. Aksepter/legg merke til barna sine spørjande andlet og forskrekka utbrot. Ikkje stans før du har sagt setninga "Selde alt han eigde, og kjøpte den verdifulle perla"</i></p>	<p>...alt han eigde, og kjøpte henne.</p>
12	<p><i>Sett deg tilbake og kvil litt før du starter undringa. Førebud deg på di eiga undring og. Det må komme innanifrå for å vere ekte.</i></p>	<p>Eg lurar på om mannen var lukkeleg nå som han hadde perla? Lurar på kva kjøpmannen nå vil gjere? Lurar på kvifor seljaren gjekk med på å selje noko så verdifullt? Lurar på om seljaren nå var lukkeleg med så mange ting? Lurar på om seljaren har eit namn? Lurar på om kjøpmannen har eit namn? Lurar på kva den verdifulle perla eigentleg kan vere? Lurar på kva som kan vere så verdifullt at nokon verkeleg vil bytte alt han eig mot det? Lurar på om du har vore i nærleiken av den verdifulle perla? Lurar på kor alt dette kan vere henne? Eg lurar på kvifor mannen fortalde denne likninga når han skulle fortelje om Himmelriket?</p>
13	<p><i>Når undringa er over, legg du alle delane av likninga tilbake i gull-eska. Roleg. Gje namn til delane i det du legg dei på plass.</i></p>	<p>Her er den verdifulle perla. Her er dei to andre perlene. Her er kjøpmannen sine nye ting. Her er husa. Her er seljaren, og her er kjøpmannen.</p>
14	<p><i>Ber eska med likninga bort til hylla og gå tilbake til sirkelen. Set deg, og hjelp barna med å bestemme seg for kva dei skal finne og arbeide med.</i></p>	

